

Bergen, 7.3.1985
AV/BSH

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 35/85

FORSKRIFT OM ENDRING I FORSKRIFT AV 21. DESEMBER 1984 OM
REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET I 1985.

Fiskeridepartementet har med heimel i § 14 i forskrift om
regulering av fisket etter vinterlodde i Barentshavet i 1985
fastsett ved kgl.res. av 21. desember 1984, 1.3.1985 fastsett
følgjande forskrift:

I

I forskrift om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet i
1985 fastsett ved kgl.res. av 21. desember 1984, vert denne
endringa fastsett:

§ 6, første leddet skal lyde:

Farty som ikkje har teke til med 8 fiske innan 15. mars kan
ikkje delta i fisket.

II

Denne forskrift vert sett i verk straks.

Etter dette har forskriften følgjande ordlyd:

FORSKRIFTER OM REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET
1985.

§ 1

Det er forbode 8 fiske lodde i det nordaustlege Atlanterhavet og
i Barentshavet.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske farty frå den
tida Fiskeridirektøren fastset og fram til 30. april 1984 fiske
inntil 3.400.000 hl lodde.

Av kvoten i andre ledd kan:

- a) farty med ringnotkonsesjon fiske inntil 2.600.000 hl
- b) ringnotfarty under konsesjonsgrensa fiske inntil 168.000 hl

c) loddetrålarar fiske inntil 645.000 hl

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket i kortare tid for å sikre produksjon av konsumlodde og fordele mogelege udisponerte kvanta for konsumføremål.

§ 2

Kvantumet fastsett i § 1, tredje ledd bokstav a og b vert fordelt av Fiskeridirektøren på dei deltakande fartya med følgjande basiskvotar:

1000 hl + 40 % av godkjend lastekap. frå	0 - 4.000 hl
+ 20 % av godkjend lastekap. frå	4.000 - 6.000 hl
+ 10 % av godkjend lastekap. frå	6.000 - 10.000 hl
+ 5 % av godkjend lastekap. frå	10.000 hl

Kvoten for det einskilde fartyet kjem fram ved å multiplisere basiskvoten for fartyet med den faktoren ein får ved å dividere gruppekvoten i § 1 tredje ledd bokstav a eller b med summen av basiskvotane for fartya i dei respektive gruppene.

Den faktoren som kjem fram etter andre leden i paragrafen her, må ikkje vera større for den fartygruppa som er nemnd i § 1, tredje leden, bokstav b enn for den fartygruppa som er nemnd i § 1, tredje leden, bokstav a.

§ 3

Den som skal delta med ringnotfarty under konsesjonsgrensa må ha levert lodde fiska med ringnotfarty under konsesjonsgrensa i eitt av åra 1983 eller 1984.

Det kan i særlege tilfeller dispenserast frå regelen i første ledd.

§ 4

Fiskeridirektøren kan fordele kvantumet fastsett i § 1, tredje ledd bokstav c på dei deltakande trålarane med like store kvoter innan følgjande grupperingar:

- a) farty med lastekapasitet under 1.000 hl
- b) farty med lastekapasitet mellom 1.000 - 1.499 hl
- c) farty med lastekapasitet mellom 1.500 - 1.999 hl
- d) farty med lastekapasitet mellom 2.000 - 2.499 hl
- e) farty med lastekapasitet over 2.500 hl

§ 5

Farty som skal delta i fisket må snarast og seinast innan 27. desember 1984 melda seg på til Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim eller Harstad eller Noregs Sildesalslag, Haugesund.

Det er forbode for farty som ikkje er påmelde å delta i vinterloddefisket i Barentshavet i 1985.

§ 6

Farty som ikkje har teke til med å fiske innan 15. mars 1985 kan ikkje delta i fisket.

Fiskeridirektøren kan dispensere frå kravet om siste startdato i første ledd i denne paragrafen.

§ 7

Lastekapasiteten for trålarar og ringnotfarty under konsesjonsgrens vert fastsett på grunnlag av største leverte einskildfangst av lodde, augepål eller tobis i eitt av åra 1982-1984.

Dersom eit farty ikkje har levert fangstar som fastsett i første ledd fastsett Fiskeridirektøren lastekapasiteten på grunnlag av berekna volum av lasterom. Med lasterom meinast her rom der det er tillete å føre last i bulk.

Utan hinder av 2. ledd i denne paragrafen kan Fiskeridirektøren fastsetje kapasiteten for frysetrållarane på basis av fryseromkapasitet.

§ 8

Farty kan under fisket nytte faktisk lastekapasitet på alle turar.

§ 9

Kvantumet som det einskilde farty kan fiske, kan ikkje overførast til anna farty, men må fiskast og leverast berre av det fartyet som har kvote.

Fiskeridirektøren kan ved forlis, havari o.l. etter søknad dispensere frå forbodet i første ledd.

§ 10

Ved rognloddeproduksjon er omrekningsfaktoren 2,0 slik at 1 tonn rognlodde vert avrekna med 2 tonn (=20,62 hl) fersk lodde på fartykvoten.

Ved lodderognproduksjon er omrekningsfaktoren 7,58 slik at 1 tonn lodderogn vert avrekna med 7,58 tonn (=78,14 hl) fersk lodde på kvoten.

Summen av alle leverte produkt, inklusiv kapp og faks, må ikkje overstige den kvoten det einskilde fartyet har etter §§ 2 og 4 i denne forskrifta.

Levering av kapp og faks må kontrollerast av Fiskeridirektoratets kontrollverk og først særskilt på sluttsetelen.

§ 11

Det er forbode å dumpe fangst av lodde eller utkast etter konsumproduksjon.

Fiskeridirektøren kan gjera unntak frå forbodet i første leden i paragrafen her, for farty som ikkje er utrusta med lasterom for bulkføring av lodde.

§ 12

Det er forbode å fiske lodde under 11 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd i denne paragrafen kan kvar landing ha inntil 10% i tal av lodde under minstemålet.

Loddefangstar kan innehalde inntil 10% sild av vekta i kvar landing.

Fiskeridirektøren kan stengje områder dersom innblandinga av sild overstig 10%.

§ 13

Fiskeridirektøren kan gje nærare forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

§ 14


Fiskeridepartementet kan endra eller oppheve desse forskriftene.

§ 15

Aktlause eller forsettelege brot på reglar gjevne i eller med heimel i desse forskriftene vert straffa i samsvar med § 53 i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v.

§ 16

Denne forskrifta vert sett i verk straks.



FORSKRIFT OM REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET I 1985.

Med heimel i Fiskeridepartementets forskrifter av 21. desember 1984, § 1 om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet i

1985, har Fiskeridirektøren 3. januar 1985 fastsett:

§ 1

Fisket etter vinterlodde i Barentshavet kan ta til 10. januar 1985.

§ 2

Denne forskrift trer i kraft straks.
